

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 24/2003

Møtedato: 26.3.03

Arkiv nr:

LAGER

I sak 6/2003 drøfta fjellstyret leige eller kjøp av lager. Fjellstyret har fått tilbod om kjøp av lagerbygg på Vaset (F 523). Bygget er taksert og normal salsverdi er sett til kr 250.000. Seljaren har i ettertid utbetra bygget ein del med nye portar m.m.

Vi har søkt Grunneigarfondet om tilskot til kjøpet, men avklaring på dette vil ikkje koma før ca. 1. mai. Fjellstyret ser det som ynskjeleg å avvente eventuelt kjøp til søknaden er avklara. Seljaren har gjeve uttrykk for at han ynskjer å selja bygget no, og fjellstyret må vurderar kjøp uavhengig om fjellstyret får tilskot.

VEDTAK:

Fjellstyreleiaren og dagleg leiar får fullmakt til å føre forhandlingar med seljar og eventuelt inngå kjøpekontrakt om det blir oppnådd ein akseptabel pris.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 1.4.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: